



Bjørn Olav Tveit og dei andre eldsjelane har mykje å lokka med

Dei siste dagane har ei 20 siders festivalavis dumpa ned i postkassane og ho fortel det meste som ein har trong for å veta før ein legg turen til Dønhaug 1. og 2 august.

Avisa er like god og profesjonell som resten av den produksjon som kjem frå det hald. Festidalen sluttar ikkje å imponera..

Helsingen frå familien er til dømes til å få forstand av. Den sleg fast at Festidalen no nærmar seg den festival den ynskjer å vera. Dei ynskjer ikkje å bli størst, men best og er godt på veg.. Ikkje minst er det viktig at dei har vore tru mot sin eigen identitet.

Kvalitetskravet er også vesentleg

- det har vore viktig å tenkje kvalitet i alle nye arrangement
- anten det er føredrag, næringsseminar, festifjellet eller festidagen.

Vi lekar ikkje butikk, strekar dei under.

Ei av nysatsingane heiter FestiTaren. Kva det er for noko får du svar på hvis du les avisa!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen